



HUBB er klare og det ein høyrer lovar det beste.

Sist helg hadde Hordalands Ungdoms Brass Band (HUBB) samling på Dale.

Heile 8 kvinnhersungdommar, derav 4 frå Uskedalen, var med på samlinga som vart brukt til å øva inn programmet dei skal framføra under Brasswind-festivalen i Grieghallen 25.september.

På denne festivalen som presenterer ny norsk musikk, skal HUBB mellom anna framføra Sebastian L.Torjusen sin nye komposisjon for brassband "A glass of Water". Komposisjonen skildrar "vannets rundgang" gjennom vakre tonar og rytmar, ispedd effektar som mellom anna klapping.

Framføringa vert og krydra med ein improvisasjonssolo av Vegard Døssland på kornett. Det vert nok eit stort øyeblikk for både desse to og resten av HUBB-medlemene under framføringa for eit stort og kyndig publikum i Grieghallen.

I tillegg til dette skal HUBB har urframføring av tre andre, unge, spennande komponistar sine verk. Eg var på gjennomkøyringskonserten etter samlinga i helga og er svært imponert over det eg høyrde. Det er utruleg kva desse ungdommane klarer å øva inn på ei helg! Eg anbefaler alle å oppleve det i Grieghallen 25.september.

Elles er det veldigkjekt å registrera at ungdommane frå vår kommune markerer seg så positivt i dette fylkeskorpset. I tillegg til dei to ovannemnde var Vegard V. Skåle, Inghild F. Helleland(kornett) og Marius L.Torjusen(euphonium) med bakgrunn i Rosendal skulekorps og Kaja Døssland(kornett), Birgitte Hjelmeland(alhorn) og Sindre Aksnes(slagverk) frå Uskedal skulemusikk med på samlinga. Birgitte fekk sjansen som vikar og var såleis på si første samling. Ho gav tydeleg uttrykk for at dette syntest ho var kjekt! Det skjønar eg godt!

Dirigent på samlingavar Bjørn Breistein. Han dirigerer naturleg nok også i Grieghallen.

Elles ordna HUBB sin fantastiske "mor", Kjersti Pisani, og "far", Ole-Johan Aarlie det meste!! Dei gjer ein imponerende innsats for musikkungdommar frå heile fylket!!

Eg gleder meg til Brasswind, og håper å treffa mange kvinnheringar der. De kan lesa meir om festivalen på: http://www.brasswind.no/web/viewpage.php?page_id=2



Komposisjonen "A glas of water" Av Sebastian L. Torjusen vert urframført i Grieghallen.
Av Thor Inge Døsland